



BACHELOROPPGÅVE

Når infeksjonen erostrar blodbana

Korleis kan sjukepleiar bidra til tidleg identifisering av sepsis

av
Alf Helge Bjørk
kandidatnummer 72

When the infection enter the blood-court

How can the nurse contribute to early identification of sepsis

Sjukepleie

SK 152

Mai 2016

Rettleiar: Irene Valaker

Tal ord: 6803



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva «*Når infeksjonen erostrar blodbana*» i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 72. Alf Helge Bjørk

JA X NEI

Samandrag

Tittel

Når infeksjonen erostrar blodbana.

Bakgrunn for val av tema

Sepsis er ein alvorleg tilstand og den mest vanlege dødsårsaken på intensivavdeling. Internasjonalt er sepsis eit aukande problem, noko som skuldast auke i del av eldre i befolkninga, meir intensiv og aggressiv behandling av ulike sjukdommar og skader, og auka mikrobiell resistens. I min praksis på sjukepleieutdanninga, og i tidlegare jobb som ambulansearbeidar, har eg møtt fleire alvorlege sjuke pasientar med sepsis. I den samanheng har eg forundra meg over kor raskt sjukdomsforløpet endrar seg for denne pasientgruppa. Eg ynskjer å lære meir om sepsis og valte dette som bacheloroppgåve.

Problemstilling

Korleis kan sjukepleiar bidra til tidleg identifisering av sepsis.

Framgangsmåte

I denne bacheloroppgåva har eg valt litteraturstudie som metode. Dette inneberer å søke, samle, vurdere og velje litteratur og samanfatte denne. Eg har brukt relevant pensumlitteratur, faglitteratur og relevant forsking for å belyse valt problemstilling. Artiklane er vurdert kritisk etter anbefalte retningslinjer frå kunnskapssenteret.

Oppsummering

Det kjem fram i forskingsartiklar og litteratur at sjukepleiar har for lite kunnskap rundt teikn og symptom ved sepsis. Det er lettare å oppdage sepsis når alvorlegheitsgraden er høg. Forsking tyder på at opplæring i bruk av triageringsskjema og bruk av retningslinjer har ein positiv effekt på å tidleg identifisere sepsis. I tillegg viser forsking at tidleg identifisering kan redusere mortalitet.

Innhold

1	Innleiding.....	1
1.1	Bakgrunnen for val av oppgåve	1
1.1.1	Problemstilling med avgrensing.....	2
2	Metode	3
2.1	Val av metode.....	3
2.2	Litteratursøk	3
2.3	Kildekritikk.....	4
2.4	Presentasjon av forskingsartiklar	4
2.5	Presentasjon av fagartikkel.....	6
3	Teori.....	7
3.1	Sepsis	7
3.1.1	Generell systemisk inflammatorisk respons	7
3.2	Å vere akutt kritisk sjuk	8
3.3	The Lady With The Lamp « <i>Florence Nightingale</i> ».....	8
3.4	Å arbeide som sjukepleiar i akuttmottaket	9
3.5	Klinisk sjukepleie	10
3.6	Den fyrste samtalen.....	11
3.7	Sjukepleie dokumentasjon	12
4	Drøfting.....	13
4.1	Når infeksjonen erostrar blodbana	13
4.2	Observasjon av pasientar i akuttmottak	14
4.3	Standardiserte skjema.....	16
5	Konklusjon.....	19
	Bibliografi.....	20

Vedlegg 1: Hjelpestkjema til å finne aktuelle søkeord.

Vedlegg 2: Systematisere treff i databaser.

Vedlegg 3: Helse Førde akuttjournal.

Vedlegg 4: Helse Førde sepsis handlingsplan A og B.

Vedlegg 5: Helse Førde sepsis retningslinjer.

1 Innleiing

Sepsis er ein sjukdom som er forårsaka av infeksjon som er gått over i blodbanen. På folkemunne blir sjukdommen kalla blodforgifting. I Noreg er det ca. 7000 som får sepsis i året, og tilstanden er den mest vanlege dødsårsaken på intensivavdelingar. Sepsis er og eit aukande problem internasjonalt, noko som skuldast auke i del av eldre i befolkninga, meir intensiv og aggressiv behandling av ulike sjukdommar og skader, og auka mikrobiell resistens (Stubberud, 2015). Norsk legemiddelhandbok informera om at dødelegheita av sepsis i Norge er på 13 % (Foreningen for utgivelse av Norsk legemiddelhåndbok, 2015). Septisk sjokk er ein alvorleg komplikasjon som kan medføre høg dødelegheit dersom den får utvikle seg. I den samanhengen er det viktig med tidleg identifisering av sjukdommen. For å kunne starte behandling så tidleg som mogeleg må ein forstå pasienten og symptomata, slik at behandling og overvaking av pasienten kan settast i gang for å hindre utvikling (Brubakk, 2011). I forsking er det konstantert at tidleg identifisering av sepsis er avgjerdande for utfallet vidare for pasienten. Med tidleg identifisering meiner eg observasjonar av SIRS kriterier og samt mistanke om infeksjon. Forklaringsa på SIRS vil komme under teorien.

Kampanjen «Surviving Sepsis Campaign» blei starta i 2004 for blant anna å forbetre diagnostikk og behandling av sepsis hos pasientar på sjukehus. Målet var å redusere dødelegheita med 25 % på fem år. Organisasjonen har som mål å studere, teste og formidle verktøy relatert til tidleg identifisering og behandling av sepsis på sjukehus. Det er tillegg utarbeida internasjonale retningslinjer med pakkeforløp som kan tilpassas kvart sjukehus (Society of Critical Care Medicine, 2013). Dette viser at det er auka fokus internasjonalt på sepsis og det å førebygge vidare utvikling.

1.1 Bakgrunnen for val av oppgåve

I løpet av sjukepleieutdanninga har eg observert og lært at sjukepleiar har ei viktig rolle når ein skal observere pasientar. Det er viktig å oppdage symptom på eit tidleg tidspunkt. Allereie i teoriundervisninga fyrste studieår lærte vi om teikn på lokal infeksjon og SIRS kriteria. I sjukehuspraksis var eg på intensivavdeling der eg fekk vere med å følgje opp ein pasient med sepsis. Eg vart nysgjerrig på kvifor desse pasientane vart så alvorleg sjuke, og ønskte derfor å lære meir om sepsis. I tillegg har eg møtt pasientar med sepsis i min tidlegare jobb som ambulansearbeider og har respekt for at endringar hos pasienten kan skje raskt. Akuttmedisin er noko som verkelig interesserer meg og håpar at det å fordjupe meg i dette tema kan være nyttig i ein framtidig jobb som sjukepleiar.

1.1.1 Problemstilling med avgrensing

Eg har avgrensa oppgåva til å ikkje omhandle behandling og tiltak. Vidare vil konteksten vere i akuttmottak. Fokuset vil vidare vere på vaksne pasientar.

Hensikta med denne oppgåva er å belyse sjukepleiar si rolle i akuttmottak ved tidleg identifisering av sepsis, for å førebygge alvorleg sepsis. Eg vil vektlegge sjukepleiar sin observerande rolle samt undersøking og korleis hjelphemiddlar som kan brukast for å tidleg identifisere sepsis.

Tema: «*Når infeksjonen erostrar blodbana*».

Problemstilling: «*Korleis kan sjukepleiar bidra til tidleg identifisering av sepsis*».

2 Metode

Metode er eit reiskap og ein framgangsmåte som hjelper meg til å samle inn informasjon til å svare på min problemstilling. Eit grunnleggande krav til informasjonen er at den må vere relevant til problemstillinga mi og at den er samla inn på ein slik måte at den er påliteleg (Dalland, 2012).

2.1 Val av metode

Ei problemstilling kan angripast med ulike metodar, det må føretas eit val av ein metode (Dalland, 2012). Eg har valt litteraturstudie som metode for å gripe fatt i denne problemstillinga. Det inneberer å søke, samle, vurdere og velje litteratur og samanfatte denne. Dette vil sei at eg legger allereie eksisterande kunnskap til grunn for oppgåva (Støren, 2013). Eg har valt å innhente og nytte litteratur i form av pensumlitteratur, sjølvvalt litteratur, evidensbasert forsking og eigen erfaring til å svare på problemstillinga.

2.2 Litteratursøk

Pensumlitteraturen skildrar temaet til oppgåva godt i forhold til fysiologi, sjukepleiar sine observasjonar og funksjon. For å kunne svare på problemstillinga har det vore nødvendig med meir utfyllande litteratur. I litteratursøk har eg nytta bibliotekets søkemotor Oria for å finne bøker som omtalar mitt tema. Boka «*intensivsykepleie*» vart funnen i søkeret, denne tar for seg sjukepleie i akuttmottak og sjukepleie til sepsis. Eg har også valt å ta med ei bok frå ambulansen som tar for seg septisk sjokk, namnet på denne er «*Advanced Medical Life Support*». Eg har vore i kontakt med akuttmottaket i Helse Førde og fått skriftleg retningslinjer for sepsis og triage skjema. Eg har valt å bruke Florence Nightingale då ho er opptatt av viktigeitene av observasjonar i klinisk sjukepleie. For å få ein større forståing av tekstane hennar har eg lese og nytta sekundær litteratur der andre har tolka hennas arbeid. Nightingale skreiv tekstane sine under andre kulturelle og samfunnsmessige forhold. Slik eg ser det er hennas teori like relevant i dagens sjukepleiepraksis.

For å finne relevant forsking har eg søkt i anerkjente databaser med søkeord i forhold til problemstillinga. Eg har brukt hjelpestkjemaet PICO til å finne aktuelle søkeord. Søkeord som er blitt nytta er; *Sepsis AND treatment AND department AND nurse. Sepsis AND triage AND nurse. Sepsis AND Norway OR norwegian AND nurse. Sepsis AND triage early warning score*. Eg ynskjer og ha med pasienten sitt syn på sjukepleie ved akutt kritisk sjukdom og nytta derfor desse søkeorda; *Emergency care AND patient AND experience*. For å oppnå smale treff satte eg inn ein avgrensing i søkeret. Artiklane skulle ikkje vere eldre enn 10 år.

Databasar som er blitt nytta er SveMed+ for å finne aktuelle søkeord. Academic Search Elite, Cinahl og Medline som er referansedatabaser som inneheld millionar av enkeltstudiar. Cinahl rettar seg meir mot helsefag enn Medline som er meir orientert mot medisin. I kunnskapspyramiden ligg desse databasane nederst. I toppen av pyramiden ligg oppsummert oversikt og oppslagsverk. Eg har og søkt i tidsskrifta Sykepleien.no og Den norske legeforeningen for å undersøke kva som er av norske artiklar. Tidsskrifta er vitskaplege og gir ut fagfellevurdert forsking. Der fekk eg treff på «*Kva innebærer systematisk klinisk undersøkelse i sykepleie?*» og «*Bruk av triage i norske akuttmottak*». Søkehistorie ligger vedlagt.

2.3 Kildekritikk

Kildekritikk er eit omgrep for å skilje verifiserte opplysningar frå spekulasjonar. For å fastslå om ei kjelde er sann må ein vurdere og karakterisere opplysningsane (Dalland, 2012). Mitt fokus har vore å finne litteratur om sjukepleiar sin rolle i møte med sepsis i eit tidleg stadium, fordi det sjukepleiefaglege perspektivet står i sentrum av mi problemstilling.

Fire av artiklane er bygd opp etter IMRAD-prinsippet og utgitt i vitskapelege tidsskrift. Dette vil sei at artiklane er fagfellevurdert. Fire av artiklane er skrivne på engelsk, dette kan ha medført missforståing eller ein avgrensing i forståing. Eg har nytta meg av norsk/engelsk ordbok for å forhindre at det skal oppstå missforståing. Eg har og valt å bruke ein oversiktsartikkel. Denne utgjer ikkje primærkjelde, men presentera ein oppsummering av forsking som er gjort. Ved bruk av denne har eg vore bevist på at forfattarane av oversiktartikkelen har tolka primærkjelda. Denne er og fagfellevurdert. Har nytta sjekkliste frå kunnskapssenteret for å sjekke om ein kan stole på resultatet (Folkehelseinstituttet, 2016).

2.4 Presentasjon av forskingsartiklar

«National early warning score at Emergency Department triage may allow earlier identification of patients with severe sepsis and septic shock» (Keep, et al., 2016)

Retrospektiv observasjonsstudie i eit akuttmottak på eit universitet sjukhus med eit årleg oppmøte på 140 000 pasientar. Tidleg varsling score er mykje brukt til å oppdage forverring i pasienten sin tilstand, men har ikkje hittil blitt evaluert for å oppdage pasientar med risiko for alvorleg sepsis og septisk sjokk. Hensikta med dette studie er å sjå på forholda mellom tidleg varsling score i akuttmottaket og diagnose setting av alvorleg sepsis og septisk sjokk. Resultatet viser at ein tidleg varsling score på tre eller meir på skalaen, aukar sjansen for å oppdage sepsis tidleg. Dette vil sei at tre eller fleire av vitale måla er utafor referanseverdien og gir mistanke om SIRS.

«Kva innebærer systematisk klinisk undersøkelse i sykepleie?» (Breivik & Tymi, 2013)

Litteraturstudie i databaser som Swemed+, Medline, ProQuest Nursing & Allied Health Source, Scopus og Science Direct. Ein undersøking av korleis forskingslitteraturen beskriv systematisk kliniske undersøking, og korleis implikasjonar dette har for sjukepleiefunksjonen og sjukepleieutdanninga. Elleve studiar vart inkluderte, ni var primærstudiar og to var oversiktsartiklar. Artiklane er henta frå USA, New Zealand, Canada, Australia og Japan. Forskingslitteraturen beskriver systematisk klinisk undersøking der sjukepleiar nytta inspeksjon, palpasjon, perkusjon og auskultasjon i vurdering av pasient. Studiet viser at systematisk klinisk undersøking kan hjelpe sjukepleiar til å treffe betre avgjersle. Er ein del av den totale datasamlinga. Studie viser eit gap mellom kva som blir undervist ved sjukepleieutdanninga og kva som blir brukt i praksis. Det blir undervist i fleire typar enn det som blir nytta i praksis.

«The role of nurses in the recognition and treatment of patients with sepsis in the emergency department: A prospective before-and-after intervention study» (Tromp, et al., 2010)

Detta er ein intervensjonsstudie. Hensikta med studiet var å evaluere effekten av ein ny sepsisprotokoll for sjukepleie. Protokollen er basert på Surviving Sepsis Campaign sin sepsisprotokoll og utvikla av ei tverrfagleg gruppe som besto av sjukepleiarar, legar og farmasøytar. Protokollen besto av to delar. Ein sepsis screeningliste for sjukepleie som skulle notere ned teikn som kunne vere infeksjonsrelatert, og to eller fleire av SIRS kriteria. Den andre delen av protokollen besto av ein sepsis intervensjonsliste som inkluderte å måle serum-laktat, ta blodkultur før ein startar med antibiotika, ta røntgen thorax og urinprøve for urinanalyse. Studiet vart utført på eit akuttmottak ved eit universitetssjukehus i Nederland. 825-studiedeltakerar deltok. Desse var voksne pasientar over 16 år, som hadde kjent eller mistenkt infeksjon og to eller fleire av SIRS kriterie. Studiet viser at å ha ein behandlingspakke som sjukepleiar kan bruke, etterfulgt av øvingar og tilbakemeldingar resulterar i auke av tidleg identifisering og behandling av pasientar med sepsis.

«Early Detection and Treatment of Severe Sepsis in the Emergency Department: Identifying Barriers to Implementation of a Protocol-based Approach» (Burney, et al., 2012)

Ein tverrsnitt undersøking ved hjelp av spørjeskjema som bestod av 14 spørsmål for sjukepleiarar og 13 spørsmål for legar. Åtte av spørsmåla var det same for begge yrka. Ingen informasjon om kor mange som deltok i undersøkinga, men det var ein svarprosent på 43 %. Dette kan vere eit svakt punkt i studiet. Sjukepleiarar og legar i akuttmottaket fekk tilbod om å vere med på undersøking. Spørjeskjemaet vart utforma for å vurdere kunnskap og

sjølvrapportert tillit til identifisering av SIRS og sepsis. Spørsmåla var avgrensa til praksis og behandling og om det var vanskeleg å handtere sepsis tilfelle. Ein ville og undersøke om det var hinder for gjennomføring av behandling i avdelinga. Ein ville og at det skulle komme fram forslag til forbetring av sepsis behandling i avdeling. Resultatet viser for sjukepleiarar at det er manglande evne til å utføre overvaking, avgrensa fysisk plass i akuttmottaket og mangel på tilstrekkelig helsepersonell som er årsaken til at sepsis ikkje blir oppdaga.

«The Emergency Department, Experiences of Patients, Families, and Their Nurses» (Cypress, 2014)

Dette er ein kvalitativ studie. Det vart gjennomført intervju med ti pasientar, fem pårørande og åtte sjukepleiarar etter at pasienten vart flytta frå akuttmottaket. Intervjuet var på mellom 45 minuttar til ein time. Etter at intervjuet var ferdig fekk deltakarane anledning til å gjennomgå og endre data. Kriterie for å vere med på studiet var at ein kunne snakke og forstå engelsk. Ein måtte i tillegg vere triagert til kritisk sjuk i akuttmottak uavhengig av diagnose og vere våken og orientert til å kunne gi samtykke og bli intervjua. Sjukepleiar som vart intervjua hadde minst to års erfaring innan intensivbehandling. Pasientar og pårørande oppfatta at kommunikasjon, kritisk tenking, sensitivitet og omsorg er nødvendig for å gjennomføre god sjukepleie. I denne oppgåva har eg valt å avgrense meg til pasient og sjukepleiar og kjem difor ikkje til å bruke pårørande i denne artikkelen.

2.5 Presentasjon av fagartikkel

Fagartikkel presenterar ikkje eigen forsking, men utgjere eit tilskot til forsking eg har lese.

«Bruk av triage i norske akuttmottak» (Engebretsen, Røise, & Ribu, 2013)

Tverrsnittundersøking ved 45 av 56 akuttmottak ved hjelp av spørjeskjema og telefonintervju. Alle responderte at øyblikkeleg hjelp pasientar gjennomgjekk hastegradvurdering. 34 av akuttmottaka anga at dei brukte triageskalaer og av desse var 17 eigenkomponerte skalaer. 21 av 31 akuttmottak som hadde mål for triagering anga at dei utførte målevaluering. 24 akuttmottak krevde intern opplæring for sjukepleiar og hjelpepleiar. Studiet viser varierande organisering og bruk av triage i akuttmottak. Dei konkluderte med at dette kan vere utrykk for manglande retningslinjer frå helsemyndighetene og manglande prioritering av akuttmottakarbeid.

3 Teori

Eg vil her presentere teoretisk rammeverk som oppgåva bygger på. Ordet teori kjem frå gresk og betyr å sjå på eller granske noko (Dalland, 2012).

3.1 Sepsis

Sepsis som oppstår utafor sjukehuset er vanlegvis av bakterielle årsakar, men sopp og parasittar kan også føre til sepsis. Gramnegative bakteriar er den som forårsaka sepsis mest med heile 50 % av infeksjonane, samanlikna med grampositve bakteriar som utgjer 25 % av tilfella. Har sepsis oppstått på sjukehus kan andre typar bakteriar vere årsaken. Sjølv om det er mange og effektive typar antibiotika mot infeksjonar er sepsis fortsatt ein alvorleg tilstand som kan gi komplikasjonar og høg dødeleggjelheit. Mortaliteten varierar ut frå pasientgruppe, mikrobe og infeksjonsfokus. Studiar har vist mortalitetstall frå nokon få prosent til over 60 % ved septisk sjokk. Når mikroben erostrar blodbana blir det utløyst ein inflammasjon, enten på grunn av mikroben i seg sjølv eller at mikroben frigjere substansar. Substansar blir kalla toksiner, endotoksiner eller eksotoksiner som er giftstoff som utløyser inflammasjon (Brubakk, 2011) (National Association of Emergency Medical Technicians, 2016).

3.1.1 Generell systemisk inflammatorisk respons

Ein inflammasjon startar akutt og gir ein hurtig forsvarsreaksjon med formål å avgrense skade på celler og vev, uansett kva som er årsaken. Inflammasjonen bidrar med å auke blodstraumen gjennom kapillæra der mikroben er. Frå kapillærstraumen blir det utskilt væske, ulike protein og spesialiserte immunceller som nøytrofile, granulocytter, lymfocytter, plasmaceller og makrofager. Dersom inflammasjonen blir for kraftig kan den føre til alvorleg sepsis og septisk sjokk (Bertelsen, 2011).

Sepsis blir definert som ein generell systemisk inflammatorisk respons som skuldast ein infeksjon. For å diagnostisere sepsis må ein ha minst to av kriterie for systemisk inflammatorisk responssyndrom (SIRS) og ein må i tillegg ha teikn på infeksjon. SIRS er ein kraftig aktivering av kroppen sin infeksjonsforsvar, koagulasjonssystemet og inflammatoriske system og har følgande kriterie:

- Temperatur over 38 grader eller under 36 grader.
- Puls over 90 per minutt.
- Respirasjonsfrekvens over 20 per minutt eller pCO under 4,3 kPa.
- Leukocytall over 12×10^9 / eller under 4×10^9 / eller over 10 % umodne leukocytformer (Brubakk, 2011).

Å kunne oppdage teikn til at pasient har fått ein infeksjon er og viktig i klinisk sjukepleie. Vanlege lokale infeksjonsteikn er blant anna; feber, auka hjerterytme, auka respirasjonsfrekvens og lokale teikn til inflamasjon som er rødme, varme, hevelse og smerter. Ved generelle infeksjonsteikn er det fire observasjonar som er viktige; allmenntilstand, bevisstheitsnivå, kroppstemperatur og blodsirkulasjon (Andreassen, Fjellet, Wilhelmsen, & Stubberud, 2010).

3.2 Å vere akutt kritisk sjuk

Å vere akutt kritisk sjuk blir skildra som å vere i ein situasjon prega av forandring, tap og krise. Sepsis kan oppstå brått og kan føre med seg frykt og angst. Å bli køyrt i ambulanse og komme til akuttmottaket kan gi ein situasjon der overgangen frå frisk til akutt kritisk sjuk kan vere hurtig og dramatisk. For sjukepleiar er det viktig å reflektere over kva betyr akutt kritisk sjukdom for pasienten. Det er viktig å kunne skaffe seg informasjon og kunnskap om kva pasienten «vil ha» i den situasjonen han er kommen i. Denne innsikta kan få følgje for kvaliteten på sjukepleiar sitt arbeid, prioritering og påverke praksisen. For å kunne møte pasienten sin spesielle situasjon må sjukepleiar ha kunnskap om korleis psykososiale behov den akutt kritisk sjuke kan ha. Denne kunnskapen er ein verknad for korleis tilnærningsmåte ein vel i møte med pasienten sin reaksjon på å vere akutt kritisk sjuk (Moesmand & Kjøllesdal, 2004).

Sjukdom kan for mange opplevast som ei krise. Psykososiale behov kan variere ut i frå korleis pasienten opplever det å vere sjuk. Sjukdom kan bli sett i ulike perspektiv: subjektiv beskriver pasientopplevelinga, objektivt beskriver aspekta ved sjukdom og skade som vil sei det patologiske prosessen i kroppen som inneberer funksjonsforstyrring på celler, vev og organnivå. Og siste er sosial kontekst, som skildrar korleis ein blir oppfatta som sjuk i samfunnet. Når sjukepleiar skal forholde seg til korleis pasienten opplever sin situasjon må sjukepleiar sjå på både subjektiv og objektiv. Det vil sei å sjå på sjukdommen i samanheng med livssituasjonen (Stubberud, 2015).

Ved akutt og/eller kritisk sjukdom har pasienten eit behov for å mestre tilvere i den situasjonen han er i. Dette kan innebere oppleveling av fråvær av liding, ha motivasjon og uthald til å kunne mestre sjukdom og behandling, føle trygghet, tilfredshet og velvære, og vere orientert og oppleve kontroll over sitt eget liv. Det kan og vere å få kjenne støtte og oppleve fråvær av negativ stress og få individuell og målretta sjukepleie (Stubberud, 2015).

3.3 The Lady With The Lamp «Florence Nightingale»

Florence Nightingale (1820-1910) blei omtalt som ei myte og ein legendarisk skikkelse før ho fylte 40 år. Myta vart skapt under krimkrigen då ho som ein mild engel med lampe i handa

vandra gjennom sjukehus-stovene og gav trøstante ord til skadde og sjuke engelske soldatar. Men verkelegheita var annleis enn myta, og historia gir eit anna biletet av Nightingale. Ho var den bestemte og autoritære administrator og organisator som ville ha struktur og orden på hospitala.

Observasjon er knyta til alle sjukepleieoppgåver og den blir utøvd samtidig som ein gjennomfører andre handlingar. Observasjon kjem frå latinske *observare* som tyder å gi akt på. I sjukepleie samanheng tyder observasjon å studere, legge merke til, overvake og holde oppsyn med pasienten, og er nødvendig for å kunne yte ein forsvarleg sjukepleie (Karoliussen, 2011).

Observasjon krevjer presis og kontinuerleg utvikling og trening av sansane; syn og hørsel, lukt og smak og kva handa kan kjenne. Synet blir lært opp til å utvikle eit fagleg blikk, observere vage teikn tidleg, og kunne sjå endringar i pasienten sin tilstand. Høryselen skal brukast til å lytte på respirasjonslydar, og utvikle eit sensitiv og aktiv lytting til pasienten sitt utsegn. Ein skal kunne skilje eit sukk av håpløyse frå eit sukk av velvære. Luktesansen kan gi informasjon om infeksjon og andre kroppslege endringar. Handa skal kunne kjenne korleis tilstand pasienten er i. Til saman skal sansane fungera som eit klinisk blikk. Klinisk observasjon kan kun hentast i nær samhandling med pasient og er påkrevd for ein forsvarleg sjukepleiar. Nightingale meinte at viss ein ikkje kom inn i vanen med observere pasientar, kunne ein like gjerne gi opp å bli sjukepleiar, for då var det ikkje ditt kall uansett kor snill og ivrig ein elles måtte vere (Karoliussen, 2011).

Observasjon gir eit bilde av pasienten sin tilstand, derfor må observasjonen vere kontinuerleg. Inntrykka frå sansane blir sorterte og strukturert og samanlikna med tidlegare observasjonar og koplast opp mot kunnskap og erfaring. Observasjon av forandringar i pasienten sin tilstand skal føre til at sjukepleiar tilpassar seg situasjonen og sjukepleie ein yter til den enkelte pasient. Ein kan gjere seg eit godt inntrykk av pasienten ved å sanse, og utføre klinisk observasjon. Dette kombinert med innleving, kritisk refleksjon, nyttar av tidlegare erfaring og evne til å stadig ta til seg ny kunnskap, kan samla utgjere kunsten å utføre god sjukepleie (Karoliussen, 2011).

3.4 Å arbeide som sjukepleiar i akuttmottaket

Å arbeide i akuttmottak er utfordrande der få dagar er like og ein veit skjeldan kva som skjer dei neste timane. Møte med pasientar er ofte korte og intensive, då mykje skal gjerast på kort tid. Utfordringa til sjukepleie i akuttmottak er å prioritere oppgåvene riktig med omsyn til kven av pasientane som har størst behov for observasjon og pleie (Engebretsen, 2015).

Akuttsituasjon er prega av uoversiktligheit og kompleksitet. Situasjonen oppstår brått og uventa og er avgrensa i tid og ofte dramatiske. Sjukepleiar sin evne til å ta rask avgjerd og handle raskt er avgjerande for utfallet av situasjonen. Av og til kan det oppstå ein problemidentifiserande situasjon, som er ein sjukepleiarsituasjon der det førebyggande aspektet er fokuset i situasjonen. Ein må førebygge samtidig som ein forsøker å finne mulige problem før dei oppstår eller får utvikla seg til å bli eit alvorleg problem (Stubberud, 2015).

Vurdering og behandling av pasientar i akuttmottak baserar seg i hovudsak på tverrfagleg samarbeid, spesielt mellom sjukepleiar og lege som har ansvaret for pasienten. Det er sjukepleiar som tar imot pasient og fortar observasjonar og dokumentera funn og gir tilbakemelding til den ansvarlege lege til pasienten. Legen kan da komme med tiltak og behandling og sjukepleiar kan da på sin side komme med forslag til tiltak basert på sine observasjonar. Mange av desse forslaga kan ikkje gjennomførast før ansvarlege lege ordinera dei (Engebretsen, 2015).

Triage er eit sorteringsverktøy som inneberer at alle pasientar gjennomgår ein initialvurdering og blir prioritert basert på klinisk hastegrad. Ordet triage kjem frå Frankrike og betyr å sortere. I Norge kan det og bli kalla hastegradsverktyg. Vurderinga blir gjort av sjukepleiar og består av ei datasamling med omsyn til pasienten sitt problem, samt fysisk undersøking kombinert med registrering av vitale parameter. Vurderinga skal vere kort, konsis og rask, og skal føre til ein avgjersle av korleis hastegrad pasienten skal ha. Det blir i dag brukt fem hastegrader i akuttmottak og angir kor lang tid ein må vente på lege:

1. Raud: Tilsyn av lege direkte.
2. Oransje: Tilsyn av lege innan 10-20 minutt.
3. Gul: Tilsyn av lege innan 30-60 minutt.
4. Grøn: Tilsyn av lege innan 60-120 minutt.
5. Blå: Tilsyn av lege innan 120-140 minutt (Engebretsen, 2015).

3.5 Klinisk sjukepleie

Kunnskap om dei ulike sjukdommane og om kroppen sin patofysiologi er eit viktig grunnlag for den som skal pleie den sjuke. Å forstå tilstanden og plagene til den sjuke og bidra til lindring og restitusjon må ein ha ulike former for kunnskap og kompetanse. Sjukepleiebehandling inneberer å observere, vurdere, planlegge, gjennomføre, evaluere og dokumentere (Nortvedt & Grønseth, 2010).

Sjukepleiefaget krever stor fleksibilitet i bruk av kunnskap. I fleire tiår har det vore opptatt av at utøvinga av sjukepleie må baserast på ulike kunnskapsformer. Kunnskapsbasert praksis inneberer at sjukepleiar brukar ulike kunnskapskjelder i praksis. Når sjukepleiar har behov for råd og tiltak i helsetenesta må den baserast på påliteleg forskingsbasert kunnskap, erfaringsbasert kunnskap, brukarkunnskap og brukarmedverknad (Nortvedt, Jamtvedt, Graverholt, Nordheim, & Reinar, 2012).

For at sjukepleiar skal kunne utvikle klinisk sjukepleiekompetanse må sjukepleiar ta til seg teoretisk kunnskap og klinisk erfaring. Klinisk kompetanse blir utvikla innafor eit bestemt praksiskontekst. Dette vil sei at ein sjukepleiar som byttar arbeidsstad vil kunne fungere på eit lågare nivå i klinisk kompetanse enn gamle jobben. For å oppnå god klinisk erfaring må ein jobbe på same sted i fem år. Variert erfaring er viktig for utvikling av klinisk sjukepleiekompetanse, men er ikkje tilstrekkeleg aleine. Miljøet på arbeidsplassen må vere tilrettelagt slik at utviklinga av personleg kompetanse blir stimulert (Kristoffersen, 2011).

Det moralske aspektet ved klinisk sjukepleie omfattar dei etiske prinsippa *å gjere vel og det å ikkje skade, autonomi, rettferdigheit og barmhjertigheit*. Det moralske aspektet er viktig i forhold til sjukepleie og klinisk praksis. Dette gjelder krav om fagleg forsvarlegheit og kunnskapsbasert praksis. Sjukepleiar har eit ansvar for å halde seg oppdatert og yte den best mulig sjukepleie ut i frå faget sitt kunnskapsgrunnlag (Nortvedt & Grønseth, 2010).

3.6 Den fyrste samtalen

Det fyrste møte med sjukepleiar i akuttmottaket betyr mykje for pasienten. For å skape ein god atmosfære og minst mulig avstand mellom sjukepleiar og pasient er det naturleg og hand helse på kvarandre med fornamn og etternamn. Sjukepleiarene må legge forholdet til rette for samtalen. Det er viktig at ein brukar eit språk som er naturleg for begge parta slik at det ikkje oppstår missforståing. Du-formen er i dag den mest brukte og kan brukast på dei fleste. Men eldre kan føretrekke og bruke De-formen. Å bli omtalt med berre førenamn kan følast nedlatande. Sjukepleiar må og vere ordentleg kledd, slik at ikkje ein slurvete klesdrakt skal opplevast som ein hinder for at pasienten skal kunne føle tillit. Sjukepleiar må i kvart enkel tilfelle legge forholda til rette for samtale (Kringlen & Finset, 2006).

Pasientar opplever sjukepleiar som omsorgsfulle når ein viser at ein bryr seg om dei som enkeltindivid og medmenneske og ikkje berre som pasientar. Dette kan innebere at ein kjenner til pasienten sin historie, vite kva pasienten vil, kva ein ynskjer og ta hensyn til dette. Sjukepleiar sin positive holdning kan bidra til openheit hos pasienten og gjere det lettare å gi viktig informasjon. Dette gjer at sjukepleiar kan vurdere riktige sjukepleietiltak for pasienten.

Opplever pasienten møtet med sjukepleiar som negativt, kan det bli vanskeleg for pasienten å snakke opent om sine problem og behov (Stubberud, 2013).

3.7 Sjukepleie dokumentasjon

Sjukepleiedokumentasjon handlar om å ta fagleg ansvar og lede sjukepleietenesta. Dei faglege vurderingane kjem fram under dokumentasjon. Det blir ein oppsummering av det sjukepleiar veit om pasienten sin helsetilstand, og kva som er det beste sjukepleie tiltak for pasienten i den aktuelle situasjonen. Vurderinga blir basert på relevant og oppdatert datasamling og tolkinga blir gjort ut frå teoretiske og praktisk sjukepleiekunnskap. Dokumentasjonen synleggjer faggruppa sitt ansvar for pasienten i forhold til andre helsearbeiderar funksjonar (Heggdal, 2006).

Dei siste åra har kravet til dokumentasjon av pleie og behandling auka i takt med pasienten sine rettigheter til medråd og innsyn i dokument som angår pasienten liv og helse.

Pasientrettighetslova kap. 5, 2001, helsepersonelloven kap. 8, 1999 og forskrift om pasientjournal frå 2000. Dette har medført at dokumentasjon er blitt viktigare og er avgjerande for pasienten sin sikkerheit (Heggdal, 2006).

Pasientjournal er eit hjelphemiddel til å samle dokumentasjon frå alle i behandlingskjeda. Pasienten skal få tilgang på opplysningar som kvifor pleie og behandlingstiltak blei utført eller ikkje satt i gang, kven som tok avgjersla, kven som gjennomførte tiltaka og kva følgjene blei. Målet med sjukepleie er at pasienten skal gå frå ein tilstand eller ein oppleveling av uhelse og lidning til retning av helse og velvære. Sjukepleiedokumentasjon er med å beskrive korleis vurderingar og tiltak som er i verksat for å fremme helse og velvære (Heggdal, 2006).

4 Drøfting

Gjennomgang av litteratur og forsking som er brukt i denne oppgåva viser at sjukepleiar har ein for dårleg kunnskap om teikn og symptom på sepsis. Dette er noko av utgangspunktet for valt problemstilling, «*Korleis kan sjukepleiar bidra til tidleg identifisering av sepsis*».

4.1 Når infeksjonen erostrar blodbana

Forsking påpeikar at meir enn 85 % av sjukepleierar på eit akuttmottak kan lite om SIRS kriterie (Burney, et al., 2012). Til sjukepleiar sitt forsvar kan sepsis vere vanskeleg å oppdage då sepsis kan ha ukarakteristiske symptom og teikn. Det kan og vere vanskeleg å observere tidleg symptom om pasienten har ein annar sjukdom i tillegg, for eksempel kols eller hjertesvikt. Dette viser seg til dømes pankreatitt som gir symptom på lågt blodtrykk, rask hjerterytme og tung pust (Andreassen, et al., 2010). SIRS kriteria er blitt kritisert for å vere for lite spesifikk og for sensitiv når ein skal diagnostisere pasientar med sepsis, og kan omfatte mange pasientar med mindre alvorleg sjukdom. Fleire norske sjukehus har derfor valt å krevje at minst tre av fire SIRS kriterier er oppfylt for at pasienten skal bli diagnostisert for sepsis (Stubberud, 2015).

Ein viktig observasjon er å oppdage om pasienten har ein infeksjon som kan utvikle seg til sepsis. I nokre tilfelle kan infeksjonen sitte djupt under huda, slik at inflamasjonsreaksjonen ikkje kan sjåast i starten av infeksjonen (Brubakk, 2011). Nightingale meinar vi ville vere «ubrukelege» som sjukepleiarar utan rask og korrekt observasjon (Karoliussen, 2011). I den samanheng er det ein føresetnad at sjukepleiar har god kunnskap om sjukdomslære og forståing for kroppen sin fysiologi (Bertelsen, 2011).

Fysiologi handlar om korleis kroppen og organa fungerar, medan patologi er å lære om sjukelege forandringar i kroppen (Sand, Sjaastad, Haug, Bjålie, & Toverud (med. ill.), 2011). Nortvedt og Grønseth (2010) meiner at utan sjukdomslære vil ein stå utan kunnskap i omsorg for den sjuke pasienten. Dersom vi ikkje kjenner til patologiske utviklingar ved infeksjon, kan vi ikkje vite kva ein skal sjå etter og korleis sjukdomen kan utvikling seg. Dette bekreftar Nightingale med at sjukepleiar måtte ha kunnskap slik at symptom som vart observert vart forstått rett (Karoliussen, 2011). Inflamasjon er ein forsvarsreaksjon med formål å avgrense skade på celler og vev. Pasienten sitt sjukdomsforløp kan skje raskt, slik at det er viktig at sjukepleiar kjenner til teikn på inflamasjon (Hansen, 2011). I tillegg må sjukepleiar ha kunnskap om kroppen sine normalverdiar slik at sjukepleiar kan reagere på avvik og oppdage utvikling av tidleg sepsis (Brubakk, 2011).

4.2 Observasjon av pasientar i akuttmottak

Å vere sjukepleiar i akuttmottaket i dag er utfordrande, og ved meir bruk av avansert teknologi har kvardagen vorte meir fokusert på det objektive (Nortvedt & Grønseth, 2010). Florence Nightingale meinte at den viktigaste lærdommen ein kan ta med seg av sjukepleie praksis var å lære korleis ein skulle observere. Kva som skulle observerast, kva slags symptom som indikerte betring og kva slags symptom som indikerte det motsette. Sjukepleiar skulle bruke alle sansane, og kunnskap og observasjonar skulle flettast saman. Ved å gjere ein klinisk undersøking fekk sjukepleiar data om pasienten sin helsetilstand, og kunne vurdere om det skjedde endringar. Nightingale sin teori om viktigeita av observasjon er fortsatt aktuell sjølv om monitorerings-teknologi har fått større plass i sjukepleie (Karoliussen, 2011).

